



Rapport arkeologisk registrering 2025

Detaljreguleringsplan Tangen-Møsstrond, Vinje kommune

Saksnr.: 23/10481 og 24/15644



Tiltakshaver:	Vinje kommune
Kommune:	Vinje kommune
Gbnr.:	160/12 og 160/2

Registrering utført dato:	21-28.05.25	Ved:	Katrine Furu Dyvart
Rapport utført dato:	06-18.06.2025	Ved:	Katrine Furu Dyvart

Undersøkelsestype(r):	Overflaterregistrering	X
	Prøvestikking	X
	Maskinell sjakting	
	Georadrundersøkelse (GPR)	
	Maskinell utsjekk av data fra (GPR)	
	Metallsøk	
	Overvåkning	

Resultata:	Askeladden ID	Kulturminnetype	Kjent frå før/ Nyregistrert
Automatisk fredet kulturminne:	91187-1	Kolframstillingsanlegg	Kjent frå før
	29695-1	Kolframstillingsanlegg	Kjent frå før
	29696-1	Tuft/Bo-aktivitetsområde	Kjent frå før
	58999-1	Kolframstillingsanlegg	Kjent frå før
	69208-1	Jernvinneanlegg	Kjent frå før
	330117-0	Kolgrop	Nyregistrert
	330119-0	Kolgrop	Nyregistrert
	330120-0	Kolgrop	Nyregistrert
	330121	Kollframstillingsanlegg	Nyregistrert
	330140-0	Kolgrop	Nyregistrert
	330141-0	Kolgrop	Nyregistrert
	330142-0	Kolgrop	Nyregistrert
	330143	Jernvinneanlegg med slaggførekomstar	Nyregistrert
	330975-0	Kolgrop	Nyregistrert
Nyare tids/andre kulturminne:	69207-1	Kolframstillingsanlegg (fjernet)	Kjent frå før
	29694-1	Slaggførekomst (fjernet)	Kjent frå før
Naturvitenskaplege prøver sende til analyse:	Det er teke to kolprøve som er C14 datert: Jernvinne/hellegrøte ID 330143-1 og Kullgrop ID 330121-1.		
Faglege konklusjonar:	Det er registrert 16 automatisk freda kulturminne inne i planområdet som kjem i konflikt med reguleringsplanen, og 2 kulturminne ID 69207-1 og ID 29694-1 som ikkje ble funnen, desse er følgeleg registrert som fjerna. ID 330143-1 er C14 datert til 772-948 e.Kr., det vil seie vikingtid. ID 330121-1 er C14 datert til 1041-1165 e.Kr., det vil seie mellomalder.		

Antall timeverk:	67,5 timer
-------------------------	------------

Merknader:	Grunnet snøvær 21-22/05/2025 ble arbeidet mer krevende enn normalt.
-------------------	---

Alle bilder er tatt av Telemark fylkeskommune, med mindre annet er oppgitt.

Forsidebildet: Søndre del av planområdet sett mot nord-nordøst fra et bart svaberg sør for planområdet.

Innhold

1. Bakgrunn og samandrag	4
2. Tidsrom og bemanning	4
3. Landskap og terreng	5
4. Metodar	7
4.1. Visuell overflateregistrering	7
4.2. Prøvestikking	7
4.3. Innmåling og dokumentasjon	7
4.4. Datering	7
4.4.1 Typologisk datering	8
4.4.2 C14-datering	8
5. Undersøkinga	9
5.1.1 Overflateregistrering og kontrollregistrering	9
5.1.2 Prøvestikking	9
6. Resultat og tolkingar	12
6.1. Kolframstillingsanlegg	12
6.1.1 ID 330117-0 Kolframstillingsanlegg	12
6.1.2 ID 330119-0 Kolframstillingsanlegg	13
6.1.3 ID 330120-0 Kolframstillingsanlegg	14
6.1.4 ID 330121 Kolframstillingsanlegg	15
6.1.5 ID 330140-0 Kolframstillingsanlegg	18
6.1.6 ID 330141-0 Kolframstillingsanlegg	18
6.1.7 ID 330142-0 Kolframstillingsanlegg	19
6.1.8 ID 330975-0 Kolframstillingsanlegg	19
6.2. Jernvinneanlegg ID 330143-0	20
6.3. Kontrollregistrering av tidlegare kjente kulturminne	24
6.3.1 Kolframstillingsanlegg ID 91187-1	24
6.3.2 ID 58999-1, ID 29695 og ID 69208-1	25
6.3.3 Busetjing- aktivitetsområde ID 29696-1	28
6.3.4 Slaggførekomst ID 29694-1 og Kolframstillingsanlegg ID 69207-1	29
7. Konklusjon	31
8. Vedlegg	32
8.1. Figurliste	32
8.2. Dateringsrapport	33
8.2.1 ID 330143-1	33
8.2.2 ID 330121-1	34
8.3. Liste over alle kulturminne i planområdet	34

1. Bakgrunn og samandrag

I samband med detaljreguleringsplan for fast busetjing ved Møsstrond, Vinje kommune, gbnr. 160/2 og 160/12, gjennomførte Telemark fylkeskommune ei arkeologisk registrering i planområdet i perioden 21-28 mai 2025.

Planområdet er ca. 119 dekar og strekkjer seg frå Haug til Varland. Bakgrunnen for planen er å leggje til rette for næring og fast busetjing på Møsstrond i Vinje kommune. I kommuneplanens arealdel er planområde avsett til spreidd bustadbygging, LNF og vassdrag med tilhøyrande strandsone. I regional plan for Hardangervidda er planområdet vist som fjell og fjordbygder. Vinje kommune setje i gang detaljregulering for Tangen på Møsstrond for å leggje til rette for stadbunden næring som kan gi eit berekraftig grunnlag for fast busetjing på Møsstrond.

Registreringa vart gjennomført ved overflaterregistrering og prøvestikking.


Det er registrert totalt 16 automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Av desse var 7 kjende frå før og dei vart kontrollregistrert og kartfesta med ny geometri: kolframstillingsanlegg ID 91187-1, ID 58999-1, ID 69207-1, ID 29695, tuft frå jernalder ID 29696-1, og jernvinneanlegg ID 69208-1, slaggførekomst ID 29694-1. Det vart registrert 9 nye registrerte automatisk freda kulturminne: kolframstillingsanlegg ID 330117, ID 330119, ID 330120, ID 330121, ID 330140, ID 330141, ID 330142, ID 330975 og jernvinneanlegg ID 330143.

I tilknytning til planområdet ligger ID 69207-1 og ID 29694-1, plassert sør for moloen ved Varland parkeringsplass, nord i planområdet, vest for Varlandsvegen, i erosjonssonen til Møsvatn. Kolframstillingsanlegg ID 69207-1 og slaggførekomst ID 29694-1 vart ikkje funnen, og blir rekna som tapt og er registrert som fjernet.

Det vart teke to kolprøver for C14-datering i skrivande stund er ikkje prøvesvara klare (18.06.2025).

2. Tidsrom og bemanning

Undersøkinga var budsjettert til 67,5 timar, fordelt på forarbeid, feltarbeid og etterarbeid. Registreringa vart utført av arkeolog Katrine Furu Dyvart i perioden 21/5-28/5/25. Rapport og etterarbeid vart gjennomført 27/5/-18/6/2025 og ferdigstilt 29.10.2025 etter motteken C14-datering. Totalt vart det brukt 67,5 timeverk.



Figur 1. Plassering av planområdet i Vinje kommune med alle kulturminne avmerkte.

3. Landskap og terreng

Planområdet ligg i Vinje kommune, om lag 35 kilometer nordaust for Rauland sentrum, på nordvestre del av Tangen på Møsstrand i søre ende av Møsvatn. Det er også c. 20 kilometer aust for Hardangervidda besøkssenter og Skinnabru kai der båten til Mogen går. Området omfattar delar av gbnr. 160/12 og 160/2, mellom Varlandsvegen i aust og Møsvatn i vest.

Planområdet er ca. 119 dekar, av dette er mesteparten utmark av myrlendt terreng med vegetasjon bestående av bjørkekratt, fjellbjørk, lyng og einer. Området ligg på 920-925 m.o.h. I

erosjonssona mellom Møsvatn og planområdet er det sand i blanda grus utan vegetasjon, og berg i dagen enkelte steder. Det var låg vasstand under registreringa og erosjonssona vart saumfara for kulturminne.

For informasjon om kulturminne i nærleik til planområdet, sjå www.kulturminnesok.no og www.unimus.no/portal. Lidar og tidlegare registrerte kulturminne i område viser potensialet for kolgroper, fangst- og jernvinneanlegg og busetjings- og aktivitetsområda frå steinalder til jernalder.



Figur 2. Fotomontasje av planområdet. Øvst til venstre: heilt nordvest i planområdet nord for moloen sett mot aust. Øvst til høgre: moloen heilt nordaust i planområdet sett mot sør. Midten til venstre: Heilt sør i planområdet sett mot nord. Midten til høgre: Biletet teke mot sørvest midt i planområdet, morgonen etter snøfallet 21.05.25. Nedst til venstre: erosjonssona der ID 69207-1 og ID 29694-1 er kartfesta, omtrent midt i planområdet sett mot vest. Nedst til høgre: Heilt sør i planområdet sett mot aust, biletet er teken frå eksponert svaberg som normalt er under vatn.

4. Metodar

Registreringane vart utførte ved hjelp av følgjande metodar:

4.1. Visuell overflateregistrering

Visuell overflateregistrering blir nytta for å påvise kulturminne som er synlege på overflata. Metoden går føre seg ved søk gjennom terrenget for å påvise t.d. gravminne, rydningsrøysar, kolgroper, fangstgroper og andre menneskeskapte strukturar. LIDAR (luftboren laserskanning av terreng) er eit verktøy som blir nytta i forarbeidet. Studie av LIDAR-data i eit område gir ofte grunnlag for sjekkpunkt som må undersøkjast nærare i felt.

4.2. Prøvestikking

Prøvestikk med spade er ein metode som først og fremst blir nytta for å kunne påvise spor etter busetjing og aktivitetsområde i steinbrukande tid, og dessutan i søk etter jernvinneanlegg. Ein opnar eit område på ca. 40 x 40 cm, fjernar torga og grev ned til steril/urørt grunn. Massane blir sålda i såld med 4 mm maskevidd, helst med bruk av vatn, slik at eventuelle funn blir fanga opp. Stikka blir gravne i område der undergrunn, topografi og eventuelt funnhistorikk indikerer potensial for slike kulturminne.

Manuell prøvestikking kan i tillegg nyttast for å påvise eldre dyrkingslag i område der det av ulike årsaker ikkje er aktuelt å bruke gravemaskin. Metoden blir også brukt i samband med undersøking av kolgroper, kolmiler, tjøremiler og liknande kulturminne. I desse tilfella er det først og fremst profilen, karakteren til massane og ei eventuell kolprøve som gir informasjon om kulturminnet, og det er derfor ikkje nødvendig å sålde massane.

4.3. Innmåling og dokumentasjon

Innmåling av kulturminne, prøvestikk og prøver vart gjorde med Trimble GNSS antenne og ArcGIS programvare.

Alle kulturminne vart beskrivne og fotograferte. Snitta strukturar vart dokumenterte i plan og profil. Det vart teke ut x talet på kolprøver (sjå vedlegg 8.2 og 8.3 Prøveliste og dateringsrapport).

4.4. Datering

Det finst ulike metodar for å aldersbestemme eit kulturminne: typologisk datering, C14-datering og strandlinjedatering. Alderen blir gjerne bestemd til ein hovudperiode med underperiode. Tabellen under viser periodeinndelinga vi bruker i Aust-Noreg. Dateringsmetodar som er relevante for denne undersøkinga blir forklarte nærare etter tabellen.

Tabell 1. Periodeinndeling i Aust-Noreg, basert på oversikt etter Reitan og Persson (red.) 2014¹.

Hovedperiode	Underperiode	Fase/forkortelse	Årstall (kalibrert alder)
Mesolitikum (eldre steinalder)	Tidligmesolitikum	Fase 1/Fosnafasen, TM	9500–8300 f.Kr.
	Mellommolitikum	Fase 2/Tørkopfasen, MM	8300–6350 f.Kr.
	Senmesolitikum	Fase 3/Nøstvedtfasen, SM	6350–4650 f.Kr.
		Fase 4/Kjeøyfasen, SM	4650–3800 f.Kr.
Neolitikum (yngre steinalder)	Tidligneolitikum	TN	3800–3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	MNA	3300–2700 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	MNB	2700–2300 f.Kr.
	Senneolitikum	SN	2300–1700 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	EBA	1700–1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	YBA	1100–500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	FRJA	500 f.Kr.–Kr.f.
	Romertid	RT	Kr.f.–400 e.Kr.
	Folkevandringstid	FVT	400–550 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingertid	MT	550–800 e.Kr.
	Vikingtid	VT	800–1030 e.Kr.
Middelalder	-	MA	1030–1537 e.Kr.

4.4.1 Typologisk datering

Typologi er, innanfor arkeologien, ein metode for relativ datering av arkeologiske funn. Metoden går ut på å ordne funn i rekkjefølgje basert på materiale, form eller andre attributt. Denne måten å datere gjenstandar på er baserte på prinsippet om at gjenstandar frå ein gitt periode på ein gitt stad har gjenkjennelege og visse attributt; at dei er typiske for kulturen eller samfunnet som produserte dei. Eit anna viktig prinsipp er at stilartar forandrar seg gradvis over tid. Dette vil seie at gjenstandar som er produserte samtidig vil vere like, medan gjenstandar som er produserte med mange hundreårs mellomrom vil vere ulike. Slik kan ein sortere funn etter kor like dei er, og på denne måten byggje opp ein relativ kronologi for eit område.

4.4.2 C14-datering

I ein del tilfelle er det nødvendig å datere meir nøyaktig. Dette blir oftast gjort ved hjelp av radiokarbondatering (C14-datering); det vil seie naturvitskaplege analysar av kolprøver som er tekne ut under feltarbeidet. Metoden byggjer på det radioaktive ¹⁴C karbonet som finst i levande organisk materiale. Så lenge dyr og plantar lever blir det oppretthalde eit stabilt nivå av ¹⁴C, men når desse døyr minkar mengda med ei halveringstid på ca. 5700 år. Ved å måle restinnhaldet av ¹⁴C er det derfor mogleg å berekne alderen på bein, kol og anna organisk materiale.

¹ Reitan og Persson (red.) 2014: *Vestfoldbaneprosjektet. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med ny jernbane mellom Larvik og Porsgrunn. Bind 2. Seinmesolittiske, neolittiske og yngre lokaliteter i Vestfold og Telemark*, side 16. Portal forlag og Kulturhistorisk Museum, Arkeologisk seksjon.

5. Undersøkinga

Møsstrand ligg i eit rikt kulturlandskap som strekker seg ut frå dagens Møsvatn. Kulturlandskapet rundt Møsstrand vitnar om ein storstilt og langvarig produksjon av jern. Spora etter denne aktiviteten ligg igjen som kolgroper, slagghaugar og rester etter jernvinneomnar. Slepå i nærområdet viser tilbake til ferdsel over vidda og handel med råvarer som reinsdyrhorn og -skinn i tillegg til jernet som ble produsert i området i jernalder og mellomalder.

Undersøkinga ble utført 21.05 -28.05.2025 og bestod av visuell overflateregistrering og prøvestikking. Været var stort sett fint, men snøfall 21.05.2025 vart liggjande i eit par dagar, nåe som gjorde undersøkinga meir tidskrevjande og enkelte områder ble saumfara fleire gonger for å sikre at snøen ikkje kamuflerte eventuelle kulturminne.

5.1.1 Overflateregistrering og kontrollregistrering

Heile planområdet ble saumfara og overflateregistrert, også erosjonssona langs Møsvatn ble undersøka. Det ble påvist 9 ny registrerte automatisk freda kulturminne; 8 kolframstillingsanlegg og et jernvinneanlegg, typologisk datert frå jernalder til mellomalder. Fleire LIDAR sjekkpunkt vart stadfesta som kolgrop og nokon få vart avskrivne.


Tidlegare registrerte kulturminne i området var kunn punktmarkert utan egen geometri, og ble derfor kontrollregistrert, fotografert og målt inn. Det var 6 automatisk freda kulturminne i planområdet kjent frå før. Sjå kapittel 6 for nærare presentasjon av positive data.

Kolframstillingsanlegg ID 69207-1 og slaggførekomst ID 29694-1 var plassert i erosjonssona langs Møsvatn, men vart ikkje gjenfunnen, og blir rekna som tapt og er registrert som fjernet.


5.1.2 Prøvestikking

I samband med undersøkinga vart det grave totalt 49 prøvestikk. Prøvestikka vart sette i området rundt enkelte kolgroper og i området rundt jernvinneanlegga ID 69208-1 og ID 330143. Av de 49 prøvestikka som vart satt var 2 positive med førekomst av slag (PS 20 og 31). Prøvestikka vart setje for å undersøke for slaggførekomstar, som ikkje er synleg i terrenget.

Dei positive prøvestikka vart setje rundt ny registrerte jernvinnelokalitet ID 330143 som bestod av ei hellegrøte. Prøvestikka vart innlemma i ID 330143 og vart tolka som spor etter slagghaugar knyt til jernvinne i jernalder til mellomalder. For nærare beskriving, sjå kapittel 6.



Figur 3. Prøvestikk satt i planområdet. Kartutsnitt øvast til høgre: Området rundt ID 330121.



Figur 4. Prøvestikk i søre del av planområdet. Rosa er jernvinne, svart er kolgrop, grønne trekantar er negative prøvestikk. Rød sirkelar er positive prøvestikk med slaggførekomstar. Gul er tuft ID 29696-1. Skravert område er våte områder.

6. Resultat og tolkingar

Det er registrert 9 nye kulturminne i planområdet; 8 kolframstillingsanlegg og 1 jernvinneanlegg. I tillegg vart tidlegare registrerte kulturminne i planområdet kontrollregistrert og målt inn med ny geometri for kartfesting.

6.1. Kolframstillingsanlegg

Kolframstillingsanlegg er lokalitetar beståande av ein eller fleire kolgroper ofte i samband med jernvinneaktivitet. Kjenneteikn er som regel et tydeleg kollag. Kolgroper er ofte tydelege i terrenget som runde eller ovale strukturar med ein sentral indre grop, med og utan tydelege vollar. Kolgroper er som regel typologisk datert til jernalder-mellomalder.

6.1.1 ID 330117-0 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert heilt nord i planområdet, mellom i Varlandparkeringsplass i vest, og eit moderne garasjebygg i aust. Dreneringsgrøft i tilknytning vegen rundt garasjebygget går delvis igjennom ytre del av vollen som er tydeleg erodert.

Beskriving: Kolgropa er oval med tydeleg voll og måler 6 x 7m i ytre mål, og 2,1 x 0,98m i indre mål, og er 0,8 m djup. Vollen er 0,5-1,2m høg og tydeleg i terrenget. I aust mot moderne bygningsmasse er vollen tydeleg erodert med eksponert kol og grus mot vegen. Vegetasjonen består av bjørkekratt, bjørk, einer, lyng og mose i myrlendt terreng.


Det vart sett eitt prøvestikk i nord-nordvestre side av indregrop mot vollen for å ta ut kullprøve. Stratigrafien viser 5cm torv over 2cm utviklingslag beståande av grå grushaldig sand med kolspett, over eit 22cm tjukt kolhaldig lag med gråbrun sand iblanda grus.

Tilstand: Intakt, men med delvis skjemt og erodert voll mot veg i aust.

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder. Kolprøve er teke og sendt til analyse.



Figur 5. Til venstre kolgropa ID 330117-0 sett mot S. Til høyre, den eroderte vollen til ID 330117-0 sett mot V. Målestokken er ein meter lang.



Figur 6. Kartgeometri for kolframstillingsanlegg ID 330117-0 og ID 330119-0, nordaust i planområdet

6.1.2 ID 330119-0 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert heilt nordaust i planområdet på 924m.o.h, 70m søraust for kolgrop ID 330117-0 og 17m rett sør for søraustre hjørne på det moderne garasjeanlegget som ligg nordaust på Varland. Søraustre ende av lokaliteten er utanfor planområdet (se figur 6).

Beskriving: Kolgropa er rund med tydeleg voll. Den måler 3,7m i ytre diameter, 1,8m i indre diameter, og er 0,84m djup. Vollen er tydelig mot terrenget og er c. 0.2 m høy mot øvre terreng. Vegetasjonen består av bjørkekratt, bjørk, einer, lyng og mose i myrlendt terreng.

Det vart sett eit prøvestikk i austre kant av indre grop mot vollen, for å ta ut kolprøve. Stratigrafien viser 5-8cm torv over 5cm gråbrun sand (utvaskingslag), før eit 5-7cm tjukt kollag, over 6cm oransjebrun silthaldig sand før undergrungradvis blir grågul silt. Kolprøva er teke frå kollaget, 17-20cm under torva.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder. Kolprøve er teke, men ble ikkje prioritert til innsending.



Figur 7. Til venstre kolgrop ID 330119-0 sett mot aust. Til høgre prøvestikk satt i austre del av indregrop mot voll, for kolprøve, sett mot aust.

6.1.3 ID 330120-0 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert heilt søraust i planområdet på 923m.o.h. mellom Møsvatn i vest og 13m frå Varlandsvegen i aust.

Beskriving: Kolgropa er oval og måler 5,2 x 4,8m i ytre mål, og har en indre diameter på 0,7m. Kolgropa er 0,64m djup. Vollen er tydeleg og varierer i breidd frå 1,2-1,4m. Det er kampestein i rand av vollen i sør-nordaustleg retning. Vegetasjonen består av bjørkekratt, bjørk, einer, lyng og mose i myrlendt terreng.

Det vart satt eit prøvestikk 30x30x20cm for å ta ut kolprøve i nordaustre del av indre voll.

Tilstand: Intakt

Datering: typologisk datert til jernalder – mellomalder. Kolprøve er teke, men ble ikkje prioritert til innsending.



Figur 8. Kolgrop ID 330120-0. Til venstre foto sett mot aust. Til høgre kartgeometri heil sør i planområdet.

6.1.4 ID 330121 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert på ein liten odde, nord i planområdet på 920 m.o.h. Den ligg rett sør for moloen på Varland parkeringsplass, mellom Møsvatn i vest og Varlandvegen i aust. Lokaliteten ligg 30m vest for eit moderne parkeringsbygg. Kolframstillingsanlegget består av ein rund kolgrop med tydeleg voll, som deler voll med ei sidegrop i sand.

Beskriving: Kolgrop ID 330121-1 er rund med oval sentral grop. Måler 4,2m i ytre diameter, og 1,5 x 1,24m i indre mål. Kolgropa er 0,65m djup. Vollen innehalde stein 23 x 40 x 20cm i vest og er tydeleg klipt av sandgrop ID 330121-2 i søraust. Sandgrop ID 330121-2 er rund med tydeleg voll, og måler 2,4m i ytre diameter og 1m i indre diameter. Sandgropa er 0,45m djup. Sandgropa inneheld ikkje kol. Sandgropa går i eitt med og delvis kutt vollen til kolgrop ID 330121-1 i nordvest.

Det vart lagt ein sjakt gjennom vollen i vest for å undersøkje steinformasjonane i vollen, og for å tek ei kolprøve til C14-datering. Sjakta måler 1 x 0,5m og er 45cm djup. Stratigrafien er 4cm torv, over 8-10cm utvaskingslag gråbrun silthaldig sand med kolspett, etterfølgt av 3cm oransjebrun silthaldig sand med kolspett, over eit 10-17cm kollag, etterfølgt av 2-10cm grå kolhaldig silt, over oransjebrun silt som gradvis blir grågul silt. Sjakta vart lagd frå innsida av indregrop og inn i vollen i vestleg retning. Forma på kollaget i profil viser at kollaget er tynnast i bogen mot indre del av gropa og tjukkast mot ytre del av vollen. Dette er tolka som at indregrop vart tømd for kol.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder - mellomalder. Kolprøve er teke av ID 330121-1 og er C14-datert til 1041-1165 e.Kr. (mellomalder), med eit sannsyn på 95,4 %. Dateringa er teke på Bjørkkol.




Figur 9. Kolframstillingsanlegg ID 330121 sett mot vest, sørre hjørne av molo synleg til høgre i biletet. Målestokk er 1m og står i sandgrop ID 330121-2 og kolgrop ID 330121-1 er bak.



Figur 10. Til venstre kolgrop ID 330121-1 sett mot vest. Til høgre sandgrop ID 330121-2 sett mot nordvest.



Figur 11. Over: Profil av sjakt satt for kolprøve i ID 330121-1, sett mot sør-søraust. Øvst før prøvetaking, svarte sirkclar er stein i profil og botn av voll. Nedst biletet er teke etter prøvetaking.



Figur 12. LIDAR kart med kartgeometri (svart) av ID 330121, prøvestikk (grøn trekant) og sjakt (blå) gjennom voll. Skravert området er vått.


6.1.5 ID 330140-0 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert litt nord for midten av planområdet på 923 m.o.h., 29m frå Varlandsvegen i aust og 36m frå erosjonssonen mot Møsvatn i vest. Kolgropa er c.95 m nord for ID 330141-0 (sjå figur 13).

Beskriving: Kolframstillingsanlegg ID 330140 består av ein rund kolgrop med tydeleg voll. Den måler 5m i ytre diameter, og 1,45 x 1,2m i indre mål. Kolgropa er 0,7m djup. Vollen er 2,2-1,2m brei. Terrenget er myrlendt med store einer og bjørkekratt busker.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder.



Figur 13. Til venstre Kartgeometri for kolframstillingsanlegg ID 330140-0 og ID 330141-0. Til høgre øvst Kolgrop ID 330140-0 sett mot nord. Nedst til høgre Kolgrop ID 330141-0 sett mot nord-nordaust.

6.1.6 ID 330141-0 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert midt i planområdet på 922 m.o.h., 18m sørvest frå erosjonssona til Møsvatn og Varlandsvegen er 30m aust. Lokaliteten er c.95m sør for kolgrop ID 330140-0 (Sjå Figur 13).

Beskriving: Kolframstillingsanlegget består av ei oval kolgrop med tydeleg voll. Kolgropa måler 6,2 x 7,1m i ytre mål, og 1,24 x 1,42m i indre mål. Kolgropa er 0,7m djup. Vollen er 2,2-1,2m brei. Terrenget er myrlendt med store einer og bjørkekratt buskar, og deit er bratte mot Møsvatn i vest.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder.

6.1.7 ID 330142-0 Kolframstillingsanlegg

Lokalitet er plassert i søndre del av planområdet på 924 m.o.h., 63m søraust for et moderne parkeringsbygg, 44m søraust frå Varlandsvegen, og 22m sørvest frå erosjonssona til Møsvatn. Kolframstillingsanlegget er 42m søraust for ID 330975-0 (sjå figur 15).

Beskriving: Kolframstillingsanlegget består av ein rund kolgrop utan tydeleg voll. Kolgropa måler 6,1m i ytre diameter, og 1,2m i indre diameter. Kolgropa er 0,4m djup. Vollen er ikkje tydeleg mot terrenget, men tydeleg til senter av kolgropa. Det er ein stein i senter av indregrop, som måler 0,4 x 0,8m. Kan vere ein mogleg helle.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder.



Figur 14. til venstre Kolgrop ID 330142-0 sett mot nordaust. Til høgre Kolgrop ID 330975-0 sett mot nord-nordvest.


6.1.8 ID 330975-0 Kolframstillingsanlegg

Lokaliteten er plassert på 923 m.o.h., 13m nordvest for erosjonssona mot Møsvatn og 26m sør for eit moderne garasjeanlegg, og 53m sørvest for Varlandsvegen. Kolframstillingsanlegget er 42m nordvest for ID 330142-0.

Beskriving: Kolframstillingsanlegget består av ei oval kolgrop utan tydeleg voll. Kolgropa måler 5x6m, med ein oval bungrop som måler 2,2 x 1,58m i indre mål. Kolgropa er 0,8m djup. Stratigrafien i jordbora er c. 5cm torv over eit kullholdig, humushaldig siltlag som er 12cm djup i senter av indre grop. Vegetasjonen er bjørkekratt, bjørk og sjølve kolgropa er dekt av lyng og einer. Terrenget er myrlendt, med bratt svaberg mot erosjonssona mot Møsvatn.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder.



Figur 15. Kartgeometri for kolframstillingsanlegg ID 330142 og ID 330975.

6.2. Jernvinneanlegg ID 330143-0


Det vart registrert eitt nytt jernvinneanlegg med ei hellegryte og to omkringliggjande slaggførekomstar (se figur 19). Lokaliteten ligger i sørenden av planområdet, 16m søraust for Jernvinneanlegg, hellegryte ID 69208-1 og kolframstillingsanlegg ID 29695, 34m nordaust for Møsvatn og 26m vest for Varlandvegen. Lokaliteten ligger på en liten kolle med to søkk nordvest og søraust for lokaliteten. Området rett sør for kollen er relativt bløtt og myrlendt.

Beskriving: Jernvinneanlegg ID 330143-0 består av ein rund hellegryte med to slaggførekomster. Hellegryte ID 330143-1 har ein utydeleg voll og tydeleg slaggførekomst i botn av gryta. Hellegryta måler 2,2m i ytre diameter, og 1,3m i indre diameter. Hellegryta er 0,3m djup. Stein hellane måler 0,4 x 0,2m og er 3cm tjukke. Bak hellene er det leirklining, i botn av hellegryta er det botnslag og renneslagg.

Det vart lagt ein sjakk inn i austre voll i hellegryte ID 330143-1 for å ta ut kolprøve. Sjakta måler 20 x 50 x 30cm og vart sett rett bakanfor hella i indregrop. Kolprøven vart teke av kolheldig lag rundt botn av hella, laget bestod av orangebrun silthaldig sand med kolspett. Bakanfor hella var det leirklining og restar etter smelteomn.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder – mellomalder. Kolprøva frå Hellegryte ID 330143-1 er C14-datert til 772—948 e.Kr. (vikingt看), med eit sannsyn på 95,4%. Dateringa er gjort på bjørkekol.



Figur 16 Øvst Jernvinneanlegg ID 330143, lokalitets geometri. Positive prøvestikk (rød) er slaggførekomstane, ID 330143-3 er PS 20 og ID 330143-2 er PS 31. Nedest til høgre oversiktsbildet av Hellegryte ID 330143-1 i bakgrunn ved 1m målestokk. I forgrunn er PS 20 med slaggførekomst ID 330143-3. Sett mot sørvest.



Figur 17. Hellegryte ID 330143-1 sett i plan. Til venstre sett mot nordaust, til høgre reinsa for torv og sett mot nord.



Figur 18. Snitt satt i søraustre ende av hellegryte ID 330143-1. Kolprøve teke frå bak hella.



Figur 19. Til venstre slaggg frå botn av ID 330143-1. Til høgre bilete av leirklining, sett mot sør.



Figur 20. Positivt prøvestikk PS 31 og PS 20. Til venstre PS31 ID 330143-2 sett mot nordaust med synleg slaggførekomst i botn av prøvestikk. Til høgre PS 20 ID 330143-3, sett mot nord.

6.3. Kontrollregistrering av tidlegare kjente kulturminne

Dei 6 kjente kulturminna i planområdet var kartfesta utan eigen geometri, og berre markert i Askeladden som ei rund punktmarkering med 1m diameter. Difor vart det gjennomført kontrollregistrering av desse og oppretta og målt inn ny geometri med 1-2cm presisjon.


6.3.1 Kolframstillingsanlegg ID 91187-1

Lokaliteten er plassert på 918 m.o.h., heilt nord i planområdet rett nordaust for molo og rampe, der vegen sluttar ved Varlandparkeringsplass. Lokaliteten vart kontrollregistrert og kartplasseringa vart flytta 3,5 m mot vest, etter innmåling med 2cm presisjon.

Beskriving: Kolgrop ID 91187-1 er ein rund kolgrop med tydeleg voll. Kolgropa måler 5,4 x 5,3m i ytre mål, har ei rektangulær botngrop som måler 2 x 1m, orientert i lengderetning aust-vest. Kolgropa er 0,9m djup. Lokaliteten ligg i myrlendt terreng mot erosjonssona ned mot Møsvatn i vest, med lyngvegetasjon og unge lauvtre som veks i og rundt vollen.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert jernalder – mellomalder.




Figur 21. LIDARKart med endra geometri for kolgrop ID 91187-1. Kolgropa vart flytta 3,5m vest.

6.3.2 ID 58999-1, ID 29695 og ID 69208-1

Kolframstillingsanlegg ID 58999-1, ID 29695, og jernvinneanlegg ID 69208-1 er plassert sør i planområdet mellom Møsvatn i vest og Varlandsvegen i nord-nordøst-aust. Nyregistrerte kolgrop ID 330142-0 ligg nord-nordvest for ID 58999-1. Og nyregistrerte jernvinneanlegg ID 330143 ligg c. 16m aust for ID 29695 og ID 69208-1. Terrengtet er myrlendt med vegetasjon av bjørk, bjørkekratt, lyng, einer og mose. I erosjonssona ned mot Møsvatn i sørvest er det svaberg, og orangebrun sand med grus og mindre stein iblanda.

Den opphavlege kartgeometrien for kulturminna i Askeladden databasen vart satt som ein rund punktmarkering med 1m diameter i kartet, og vart i løpet av registreringa målt inn og endra til faktisk plassering i terrengtet med 1-2cm presisjon. Basert på beskrivinga i Askeladden vart geometrien for kulturminna flytta som vist under i Figur 22.



Figur 22. LIDAR-kart med endra geometri for kolframstillingsanlegg ID 58999-1, ID 29695, og jernvinneanlegg ID 69208-1.


Kolframstillingsanlegg ID 58999-1

Lokaliteten er plassert på 922 m.o.h, 3,8 m nordaust for erosjonssona mot Møsvatn, sør i planområdet. Det er bratt bart svaberg dei første 5 m av erosjonssona mot Møsvatn, før undergrunn er eksponert som oransjbrun sand iblanda grus og små stein. Lokaliteten vart kontrollregistrert og geometrien vart målt inn og flytta 32,7m søraust med 2cm presisjon (sjå figur 22).

Beskriving: ID 58999-1 er ein oval kullgrop med ei sidegrop som deler voll. Lokaliteten måler 6,2 x 5,8m i ytre mål, og har en indre diameter på 4 x 3 m. Kolgropa er 0,75 m djup. Sidegropa er plassert rett nord for den ovale kullgropa, og måler 2,5m i ytre diameter og 1,2m i indre diameter. Sidegropa er 0,4m djup. Stratigrafi er torv over 5cm gråbrun leirehaldig silt, etterfølgd av 5cm tjukt kollag. Undergrunn oransjbrun silt som gradvis blir grågul silt.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder.



Figur 23. Kolframstillingsanlegg ID 58999-1. Til venstre sett mot nord. Til høgre ny lokalitets geometri.


Kolframstillingsanlegg ID 29695

Lokaliteten er plassert på 922-923 m.o.h, 9 m nordaust frå erosjonsona mot Møsvatn, og er 53m sørvest frå Varlandsvegen, sør i planområdet. Jernvinneanlegg ID 69208-1 er 3m aust-nordaust for lokaliteten, ID 330143 er 19m rett vest og ID 58999-1 er nordvest for kolframstillingsanlegget. Lokaliteten vart kontrollregistrert og målt inn med ny geometri og flytta 39m sydaugst (sjå figur 22 for endring av geometri og plassering i planområdet).

Beskriving: Kolframstillingsanlegg ID 29695 består av to enkeltminne som deler voll. ID 29695-1 er ei rund kolgrop med tilstøytane sidegrop i nord, med tydeleg voll. Kolgropa måler 5m i ytre diameter, og måler 3,3m i indre diameter 3,3 m. Kolgropa er 0,7 m djup. ID 29695-2 er ei kolhaldig sidegrop som deler voll med kolgrop ID 29695-1 i sør-søraust. ID 29695-2 måler 2,2m i ytre diameter 2,2 m, og er 1,5m i indre diameter. Sidegropa er 0,4 m djup. Det veks bjørkekratt nordaust i strukturen.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til jernalder.



Figur 24. Kolframstillingsanlegg ID 29695. Til venstre sett mot nordaust. Til høgre ny lokalitets geometri av ID 29695 og ID 69208-1.

Jernvinneanlegg ID 69208-1

Lokaliteten er plassert på 924 m.o.h., i sørende av planområdet. Jernvinneanlegg ID 69208-1 er 3,8m nordaust frå kolframstillingsanlegg ID 29695. Jernvinneanlegg ID 69208-1 vart kontrollregistrert og målt inn med ny geometri, 13,2m sørvest for punktmarkeringa som tidligere kartfesta lokaliteten (sjå figur 22 og 24).

Beskriving: Jernvinneanlegg ID 69208-1 består av ei hellegrYTE med skrått stilte heller i rand av ei 1m diameter stor grop. Indre mål er 0,7 m, og djupna er 0,3 m. Det er fragmentert slaggblokk i botnen. Hellene er 0,2 m breie og 0,5 m lange, og c. 3 cm tjukke. Lite kål i undergrunn, men flere forekomster av slag.

Tilstand: Intakt.

Datering: Typologisk datert til jernalder.



Figur 25. Jernvinneanlegg med hellegrYTE ID 69208-1. Til Venstre sett mot nord. Til høgre sett mot nordaust.

6.3.3 Busetjing- aktivitetsområde ID 29696-1


Lokaliteten er plassert på ei lita høgd, på 923 m.o.h. rett nord for ei moderne dreneringsgrøft frå Varlandsvegen, sør i planområdet mellom Møsvatn i sørvest og Varlandvegen i nord-nordaust. Lokaliteten er eit busetjing- aktivitetsområde med ei overgrodd tuft frå førreformatorisk tid.

Den opphavleg kartgeometri for ID 29696-1 i Askeladden databasen vart sett som ein rund punktmarkering med 1m diameter i kartet, og vart i løpet av registreringa målt inn og flytta med 17,4m vest mot Møsvatn, til faktisk plassering og korrekt geometri i terrenget, med 1-2cm presisjon.

Beskriving: Busetjing- aktivitetsområde ID 29696-1 består av ein hustuft med markert voll og syldestein i alle fire hjørna. Tufta måler 5 x 4,2m, og er orientert aust-vest i lengderetning. Jordbør påviser c. 0,7m med kol i senter av tufta. Mykje kol V for huset. Dropefall langs N-veggen. Det går ein dreneringsgrøft 5,6 m sør for søraustre hjørne av tufta. Grøfta fell mot søraust i ca. 5 m, og er 0,8 m beid og 0,2 m djup. Det veks bjørkekratt, einer og lyng på tufta som gjer han vanskeleg å sjå, men tufta er synleg på LIDAR.

Tilstand: Intakt

Datering: Typologisk datert til førreformatorisk tid.



Figur 26. Tuft ID 29696-1. Øvst til venstre sett mot VSV. Øvest til høgre sett mot NNV. Nedst endra geometri for busetjing-aktivitetsområdet, tuft ID 29696-1, heilt sør i planområdet.

6.3.4 Slaggførekomst ID 29694-1 og Kolframstillingsanlegg ID 69207-1

Kolframstillingsanlegg ID 69207-1 og Slaggførekomst ID 29694-1 er plassert i nordre del av planområdet sør for moloen og kolframstillingsanlegg ID 330121, samt Varlandsparkeringsplass. Desse lokalitetane ble ikkje gjenfunne under denne registreringa og er følgeleg blitt markert som fjernet i Askeladden.

Kolframstillingsanlegg ID 69207-1 vart kontrollregistrert i 2016 og ble da kartfestet med gjeldene geometri og registrert med følgande tekst i Askeladden: «Plasseringen ble identifisert til tross for at kullgropa er utvasket, undergravd og så godt som fullstendig utrast. Kun svakt synlige rester av den innerste vollen med noe kullrester ble påvist, dette ved hjelp av bilder i NIKU rapport fra 1999. Flere av trærne på bildet ble gjenkjent ut fra dette bildet, noe som gjorde det mulig å bekrefte plasseringen. Kontrollregistrering 2016: Gitt ny geometri. Tidligere kartfesting besto av et punkt plassert ca. 8 meter nordvest for kullgropa.» Under kontrollregistrering i mai 2025 ble ikke kolgropa gjenfunne. Tidligere beskriving av lokaliteten, beskriver den som å bestå av ein rund kolgrop med voll og sidegrop liggende i skrånende terreng. Vollen er noe diffus i sørvest. Kolgropa

målte 5,5m i ytre diameter og 4m i indre diameter. Kolgropa var 0,7m djup. Sidegropa var rett aust for kolgropa, og målte 1 x 2m og var 0,4m djup.

Slaggførekomst ID 29694-1 er plassert utanfor planområdet, under normal vannstand i Møsvatn, men pga lav vannstand på registreringstidspunktet, ble arealet markert i kartet undersøkt uten at lokaliteten ble funnet. I Askeladden er lokaliteten beskrevet som «Spredte slagglumper fra slaggblokk med trekull av [...] Totalt utvasket.» Det antas derfor at lokaliteten er vasket vekk av erosjon i reguleringssona til Møsvatn.



Figur 27. Området der ID 29694-1 er kartfestet. Sett mot nordvest.

7. Konklusjon

Det er registrert totalt 16 automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Av desse var 7 kjende frå før og dei vart kontrollregistrerte og kartfesta med ny geometri: kolframstillingsanlegg ID 91187-1, ID 58999-1, ID 69207-1, ID 29695, tuft frå jernalder ID 29696-1, og jernvinneanlegg ID 69208-1, og slaggførekomst ID 29694-1.

Det vart registrert 9 nye automatisk freda kulturminne, 8 kolframstillingsanlegg og 1 jernvinneanlegg: Kolgrop ID 330117, ID 330119, ID 330120, ID 330121, ID 330140, ID 330141, ID 330142, ID 330975 og jernvinneanlegg ID 330143.

Det vart teke to kolprøver for C14-datering: ID 330143-1 er C14-datert til 772-948 e.Kr., det vil seie Vikingtid. ID 330121-1 er C14datert til 1041-1165 e.Kr., det vil seie mellomalder.

I tilknytning til planområdet ligg ID 69207-1 og ID 29694-1, plassert sør for moloen ved Varland parkeringsplass, nord i planområdet, vest for Varlandsvegen, i erosjonssona til Møsvatn. Kolframstillingsanlegg ID 69207-1 og slaggførekomst ID 29694-1 vart ikkje funnen, og blir rekna som tapt og er registrert som fjerna.

8. Vedlegg

8.1. Figurliste

Figur 1. Plasseringa av planområdet i Vinje kommune med alle kulturminne avmerkte.	5
Figur 2. Fotomontasje av planområdet. Øvst til venstre: heilt nordvest i planområdet nord for moloen sett mot aust. Øvst til høgre: moloen heilt nordaust i planområdet sett mot sør. Midten til venstre: Heilt sør i planområdet sett mot nord. Midten til høgre: Biletet teke mot sørvest midt i planområdet, morgonen etter snøfallet 21.05.25. Nedst til venstre: erosjonssona der ID 69207-1 og ID 29694-1 er kartfesta, omtrent midt i planområdet sett mot vest. Nedst til høgre: Heilt sør i planområdet sett mot aust, biletet er teken frå eksponert svaberg som normalt er under vatn.	6
Figur 3. Prøvestikk satt i planområdet. Kartutsnitt øvast til høgre: Området rundt ID 330121.	10
Figur 4. Prøvestikk i søre del av planområdet. Rosa er jernvinne, svart er kolgrop, grønne trekantar er negative prøvestikk. Rød sirkel er positive prøvestikk med slaggførekomstar. Gul er tuft ID 29696-1. Skravert område er våte områder.	11
Figur 5. Til venstre kolgrop ID 330117-0 sett mot S. Til høyre, den eroderte vollen til ID 330117-0 sett mot V. Målestokken er ein meter lang.	12
Figur 6. Kartgeometri for kolframstillingsanlegg ID 330117-0 og ID 330119-0, nordaust i planområdet	13
Figur 7. Til venstre kolgrop ID 330119-0 sett mot aust. Til høgre prøvestikk satt i austre del av indregrop mot voll, for kolprøve, sett mot aust.	14
Figur 8. Kolgrop ID 330120-0. Til venstre foto sett mot aust. Til høgre kartgeometri heil sør i planområdet.	15
Figur 9. Kolframstillingsanlegg ID 330121 sett mot vest, søre hjørne av molo synleg til høgre i biletet. Målestokk er 1m og står i sandgrop ID 330121-2 og kolgrop ID 330121-1 er bak.	16
Figur 10. Til venstre kolgrop ID 330121-1 sett mot vest. Til høgre sandgrop ID 330121-2 sett mot nordvest.	16
Figur 11. Over: Profil av sjakt satt for kolprøve i ID 330121-1, sett mot sør-søraust. Øvst før prøvetaking, svarte sirkel er stein i profil og botn av voll. Nedst biletet er teke etter prøvetaking.	17
Figur 12. LIDAR kart med kartgeometri (svart) av ID 330121, prøvestikk (grøn trekant) og sjakt (blå) gjennom voll. Skravert området er vått.	17
Figur 13. Til venstre Kartgeometri for kolframstillingsanlegg ID 330140-0 og ID 330141-0. Til høgre øvst Kolgrop ID 330140-0 sett mot nord. Nedst til høgre Kolgrop ID 330141-0 sett mot nord-nordaust.	18
Figur 14. til venstre Kolgrop ID 330142-0 sett mot nordaust. Til høgre Kolgrop ID 330975-0 sett mot nord-nordvest.	19
Figur 15. Kartgeometri for kolframstillingsanlegg ID 330142 og ID 330975.	20
Figur 16 Øvst Jernvinneanlegg ID 330143, lokalitets geometri. Positive prøvestikk (rød) er slaggførekomstane, ID 330143-3 er PS 20 og ID 330143-2 er PS 31. Nedst til høgre oversiktsbildet av Hellegryte ID 330143-1 i bakgrunn ved 1m målestokk. I forgrunn er PS 20 med slaggførekomst ID 330143-3. Sett mot sørvest.	21
Figur 17. Hellegryte ID 330143-1 sett i plan. Til venstre sett mot nordaust, til høgre reinsa for torv og sett mot nord.	22
Figur 18. Snitt satt i søraustre ende av hellegryte ID 330143-1. Kolprøve teke frå bak hella.	22
Figur 19. Til venstre slaggr frå botn av ID 330143-1. Til høgre bilete av leirklining, sett mot sør.	22

Figur 20. Positivt prøvestikk PS 31 og PS 20. Til venstre PS31 ID 330143-2 sett mot nordaust med synleg slaggførekomst i botn av prøvestikk. Til høgre PS 20 ID 330143-3, sett mot nord. 23

Figur 21. LIDARKart med endra geometri for kolgrop ID 91187-1. Kolgropa vart flytta 3,5m vest.. 24

Figur 22. LIDAR-kart med endra geometri for kolframstillingsanlegg ID 58999-1, ID 29695, og jernvinneanlegg ID 69208-1..... 25

Figur 23. Kolframstillingsanlegg ID 58999-1. Til venstre sett mot nord. Til høgre ny lokalitets geometri..... 26

Figur 24. Kolframstillingsanlegg ID 29695. Til venstre sett mot nordaust. Til høgre ny lokalitets geometri av ID 29695 og ID 69208-1..... 27

Figur 25. Jernvinneanlegg med hellegryte ID 69208-1. Til Venstre sett mot nord. Til høgre sett mot nordaust..... 28

Figur 26. Tuft ID 29696-1. Øvst til venstre sett mot VSV. Øvest til høgre sett mot NNV. Nedst endra geometri for busetjing-aktivitetsområdet, tuft ID 29696-1, heilt sør i planområdet..... 29


Figur 27. Området der ID 29694-1 er kartfestet. Sett mot nordvest. 30

8.2. Dateringsrapport

C14 resultater mottatt 27.10.2025. Analysert ved NTNU Nationallaboratoriene for datering, ved Vitenskapsmuseet.

Prøveliste				
Askeladden ID	Prøvenr.	Struktur	Vedart	Resultat
330143-1	TRa-26828	Hellegryte/jernvinne	Betula (bjørk)	1176 ± 18 BP, 772-948 e.Kr.
330121-1	TRa-26829	Kullgrop	Betula (bjørk)	924 ± 14 BP, 1041-1165 e.Kr.

8.2.1 ID 330143-1



8.2.2 ID 330121-1

TRa-26829 AID 330121-1 Kullprøve tatt fra sjakt i kullgrop fra vollen i SV.					
Fraction	14C content (pMC)	14C Age (rounded)	d13C (from AMS system)	Calibrated Age Ranges	14C Age (not rounded)
1 piece Betula sp., alkali residue	89.13 ± 0.15	925 ± 15 BP	-29.6 ± 1.5 ‰	68.3% probability 1048AD (47.8%) 1083AD 1129AD (8.1%) 1138AD 1150AD (12.4%) 1161AD 95.4% probability 1041AD (60.0%) 1109AD 1114AD (35.4%) 1165AD	924 ± 14 BP

8.3. Liste over alle kulturminne i planområdet

Askeladden ID	Art	Vernestatus
91187-1	Kolframstillingsanlegg	Automatisk fredet
29695-1	Kolframstillingsanlegg	Automatisk fredet
29696-1	Tuft/Bo-aktivitetsområde	Automatisk fredet
58999-1	Kolframstillingsanlegg	Automatisk fredet
69208-1	Jernvinneanlegg	Automatisk fredet
330117-0	Kolgrop	Automatisk fredet
330119-0	Kolgrop	Automatisk fredet
330120-0	Kolgrop	Automatisk fredet
330121	Kolframstillingsanlegg	Automatisk fredet
330140-0	Kolgrop	Automatisk fredet
330141-0	Kolgrop	Automatisk fredet
330142-0	Kolgrop	Automatisk fredet
330143	Jernvinneanlegg med slaggførekomstar	Automatisk fredet
330975-0	Kolgrop	Automatisk fredet
69207-1	Kolframstillingsanlegg	Fjernet/tapt
29694-1	Slaggførekomst	Fjernet/tapt
69207-1	Kolframstillingsanlegg	Fjernet/Tapt
29694-1	Slaggførekomst	Fjernet/tapt



Telemark
FYLKESKOMMUNE

telemarkfylke.no

Postadresse:

Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:

Torggata 18
3717 Skien

Tlf. 35 91 70 00
post@telemarkfylke.no

